



Lotterinemnda

Vedtak i Lotterinemnda 19. juni 2024

Sak 2024/489 - Evanger bedehus - org.nr. 921 779 313 - klage over vedtak om delvis innvilga søknad om meirverdiavgiftskompensasjon

Lotterinemnda sine medlem: Leder Martin Hennig, og medlemmene Shabneet K. Bains og Elisabeth Ekberg

Bakgrunnen for saka

- (1) Evanger bedehus (klagar) søkte 30. august 2023 om meirverdiavgiftskompensasjon for rekneskapsåret 2022. Søknaden gjaldt eit kompensasjonsbeløp på 136 737 kroner etter dokumentert modell.
- (2) Lotteritilsynet innvilga søknaden 20. desember 2023, men reduserte søknadsbeløpet med 90 prosent, frå 136 737 kroner til 13 673 kroner. Tilsynet grunngav avgrensinga med at det ikkje blir gitt kompensasjon for drifts- og vedlikehaldskostnader som gjeld utleige av bygg. Ut ifrå opplysningar i årsmeldinga, la tilsynet til grunn at Evanger bedehus berre hadde hatt eitt eige arrangement, ein basar, og at annan aktivitet i lokalet gjaldt andre lag og organisasjonar sin bruk av huset, samt utleige til private.
- (3) Evanger bedehus klaga på vedtaket 10. januar 2024. Klagar gjer gjeldande at drifta av bedehuset ikkje er forretningsmessig drift, og at inntekter berre skal dekke dei løpande utgiftene til huset. Alle som bidrar gjer det på dugnad. Basarinntektene som utgjer omtrent 50 prosent av inntektene til bedehuset, er utførte med slikt dugnadsarbeid.
- (4) Ifølge klagar var det nødvendig å bytte taket for at bedehuset ikkje skulle forfalle og bli ubrukeleg for grendefolket som brukar huset. Klagar viser til at det er urimeleg at organisasjonen berre skal få dekkja ti prosent av meirverdiavgifta i forbindelse med vedlikehaldet av huset. Klagar hevdar at minimum 50 prosent av meirverdiavgifta må dekkast i samsvar med dei prosentvise inntektene som er utførte på dugnad.
- (5) Det blir elles vist til klagen i sin heilskap.
- (6) Lotteritilsynet har ikkje funne grunn til å gjere om vedtaket og sende over klagen med innstilling 2. april 2024 til Lotterinemnda for behandling.

Det rettslege grunnlaget

- (7) Det rettslege grunnlaget er forskrift 23. oktober 2018 nr. 1600 om merverdiavgiftskompensasjon for frivillige organisasjoner (forskrifta).

Postadresse:

Postboks 511 Sentrum
5805 Bergen

Besøksadresse:

Zander Kaaes gate 7
5015 Bergen

Telefon:

+47 55 19 30 00

- (8) Formålet med ordninga er å fremme frivillig aktivitet. Ordninga skal kompensere for kostnader som frivillige organisasjonar har til meirverdiavgift ved kjøp av varer og tenester, jf. forskrifta § 1.
- (9) Det blir ikkje gitt kompensasjon til drifts- og vedlikehaldskostnader som gjeld utleige av bygg, anlegg eller annan fast eigedom jf. forskrifta § 6 bokstav d.
- (10) Av forvaltningsloven § 34 følger det at klageinstansen kan prøve alle sider av saka og ta omsyn til nye opplysningar. I dette ligg det at klageinstansen fullt ut kan prøve både rettsbruken, saksbehandlinga, faktum og det frie skjønn. Klageinstansen kan sjølv treffe nytt vedtak i saka eller oppheve det og sende saka tilbake til underinstansen til heilt eller delvis ny behandling.

Lotterinemnda si vurdering

- (11) Evanger bedehus si klage gjeld Lotteritilsynets vedtak 20. desember 2023 om delvis innvilga søknad om meirverdiavgiftskompensasjon for rekneskapsåret 2022.
- (12) I årsmeldinga til klagar for 2022 er det opplyst at bedehuset er blitt brukt til to eldretreff, to minnestunder, eitt kveldsmøte, samt kvinne- og familielegatet sitt førjulsarrangement. I tillegg er huset brukt som matstasjon under Camp Evanger-dagane og ved matservering på 17. mai. Evanger Musikklag disponerer andre etasje. Klagar har også sjølv halde basar i huset 29. oktober 2022.
- (13) Av årsrekneskapet kjem det fram at klagar har hatt 60 050 kroner i inntekt frå basar og andre inntekter. I årsmeldinga er det oppgitt at klagar fekk 30 250 i inntekter frå basaren. Inntekter frå utleige er ikkje spesifisert i årsrekneskapet, men ut ifrå opplyste inntekter frå basaren heldt saman med at basarinntekter og andre inntekter er oppgitt å ha vore 60 050 kroner, har Lotteritilsynet lagt til grunn at inntekter frå utleige har vore på rundt 30 000 kroner. Klagar har ikkje motsagt dette.
- (14) Lotterinemnda har i tidlegare avgjerder lagt til grunn at ei naturleg språkleg forståing av ordlyden i forskrifta § 6 bokstav d tilseier at det i tilfelle der ein eigedom brukast til både utleige og til andre formål, skal det avgrensast mot dei kostnader som gjeld utleige, sjå til dømes Lotterinemndas vedtak i sak 2022/593. Andre kostnader kan kompensast dersom vilkåra i forskrifta elles er oppfylte.
- (15) Lotterinemnda forstår det slik at kostnadane det er søkt om kompensasjon for hovudsakeleg er kostnader i samband med eit stort prosjekt med å reparere taket til bedehuset i 2022. Meirverdiavgiftskostnadane til dette kom på 133 903 kroner av eit totalt søknadsbeløp på 136 737 kroner. Nemnda legg til grunn at dette er å rekne som nødvendig vedlikehald, uavhengig av om huset er brukt av organisasjonen sjølv eller er disponert av andre.
- (16) Lotterinemnda har kome til at det må gjerast ei avgrensing for vedlikehaldskostnader som gjeld utleige av bygg etter forskrifta § 6 bokstav d, ettersom bedehuset til klagar blir stilt til disposisjon for andre, og klagar har motteke vederlag for bruken av huset. Nemnda meiner likevel at den avgrensinga som Lotteritilsynet har lagt til grunn i denne saka verkar vilkårleg. Slik nemnda forstår det, har tilsynet ved berekninga av kor stor andel av vedlikehaldskostnadane som gjeld utleige av bygg, berre vurdert klagar sin bruk ved arrangering av basaren opp mot kor mange dagar bygget har vore brukt av andre. Nemnda er av den oppfatning at denne berekninga må gjerast på grunnlag av eit fullt kalenderår,

altså at antal dagar med utleige av lokalet må vurderast opp mot 365 dagar i året. Også i dei periodane kor det ikkje skjer nokon direkte bruk av lokalet, altså dei periodane der huset står tomt, vil klagar like fullt vere eigar av bedehuset og disponere dette i sitt frivillige arbeid.

- (17) I utgangspunktet blir det gitt kompensasjon for drifts- og vedlikehaldskostnader som ikkje reknast som ny-, på- og ombyggingskostnader etter forskrifta § 6 bokstav b. Det vil ikkje vere i tråd med formålet til forskrifta at ei heilt minimal utleigeverksemd skal føre til ein så stor reduksjon i kompensasjonsbeløpet som Lotteritilsynet har lagt til grunn i denne saka. Med den tilnærminga tilsynet har lagt til grunn, vil ikkje leigeinntektene spegle driftskostnadane på noko vis.
- (18) Lotterinemnda påpeiker også at ifølge § 1 i vedtektene til klagar er formålet til klagar «å ta vare på Bedehuset». Skifte av tak som nødvendig vedlikehald av bedehuset må vurderast å vere i kjernen av klagars verksemd, og kostnadane det er søkt om kompensasjon for må derfor vurderast å vere knytte til klagar sin frivillige aktivitet, jf. forskrifta § 1.
- (19) Vedtaket blir på denne bakgrunnen oppheva, og sendt tilbake til Lotteritilsynet for ny behandling.

Konklusjon

- (20) Lotterinemnda finn etter ei konkret vurdering av opplysningane i saka at Lotteritilsynet sitt vedtak skal opphevast. Saka blir sendt tilbake til Lotteritilsynet for ny behandling.

Vedtak

Lotteritilsynet sitt vedtak 20. desember 2023 opphevast. Saka blir sendt tilbake til Lotteritilsynet for ny behandling.

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur